

Bø barnehage
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Invitasjon til møte om samarbeidsavtalane mellom deltidsverksemda i Statped og førskule

I samarbeidsavtalane kring born under opplæringspliktig alder som får eit tilbod om deltidsopplæring frå Statped, skal det utarbeidast eit vedlegg om opplæringstilbodet. Avtalen dannar grunnlag for felles evaluering av barnet sitt utbytte av opplæringstilbodet, og samarbeidet mellom partane. Samarbeid mellom partane er avgjerande for å samanhengande opplæring delt mellom to læringsarenaer.

Dette er ein ny type avtale, og vi inviterer pedagogisk leiar frå barna sine førskuletilbod, rådgjevarar frå Statped og kontaktpersonar frå deltidsverksemda til å ta del i drøfting kring innhaldet. Vi legg vekt på at det er pedagogisk leiar og pedagog på deltidsopplæringa som skal ha nær kontakt og utforme måla for opplæringa på deltidsopphalda. Dersom andre har ansvaret for den teiknspråklege delen av opplæringa, ynskjer vi at begge kjem. Fleire born har ein rådgjevar som følgjer opp i førskulen, og vi ynskjer at også dei tek del i drøftingane.

På møtet blir det særleg fokus på den delen som omhandlar innhaldet for tilbodet: faglege mål, sosialpedagogiske mål og eventuelle mål knytt til fjernundervisning. Pedagogane ved førskuletilbodet og pedagogane ved Statped må i fellesskap drøfte kva Statped kan dekkje og kva læringsmål førskulen tenkjer det er vanskeleg å oppnå i det daglege arbeidet på heimstaden.

Den vidare utforminga av den individuelle avtalen blir ført vidare av pedagogisk leiar og kontaktperson ved deltidsverksemda, i samråding med sine overordna. Rådgjevarane og føresette må få kome med innspel og kommentarar før den vert endeleg utforma. Til slutt er det av styrar i førskule og seksjonsleiar ved Statped vest, avd. hørsel, deltidsverksemda som underskriv avtalen. Vi har som mål å slutføre avtalen medio desember.

Kontaktlærer/faglærer ved bustadskule, rådgjevar og kontaktpersonar ved statped, vert med dette invitert til drøftingsmøte i Kronstadveien 35 **onsdag 12. november , kloka 14.00 – 15.30.**

Med helsing

Camilla Bøe
seksjonsleiar

Halvor Elde
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert